

# Denne boka trengte vi



Bok

## ANMELDELSE

Even Tråen

**Bjørn Ivar Berg:**  
«Sølvtyverier på Kongsberg  
1624-1861»  
Utgitt på Museumsforlaget  
av Norsk bergverksmuseum.

Det er alt nokre månader sidan Bjørn Ivar Berg ga ut boka *Sølvtyverier på Kongsberg 1623-1861*. Men ho er sjølsagt like aktuell. Vi som bur her i distriktet har visst om tjuvesølvet frå Kongsberg.

**HISTORIER HAR** gått på folkemunnet og det er også nokon som har skrivi flyktig om det. Men aldri før så grundig og vidt femnande som Bjørn Ivar Berg har gjort i denne boka. Han seier sjøl at han byrja forskning i emnet alt i 1979.

På omslaget les vi at det er eit persongalleri på om lag 500 involverte personar. Og svært mange av dei har fått omtale slik at dei ikkje berre er namn. Berg gjev oss innblikk i levekår og lagnad.

Mykje av det vi har kalla kunnskap om denne historia har vore så mytebefengt at det er befriande å sjå skikkelige dokumentert materiale. Berg har nytta det som er å finne av skriftlege kjelder for å dokumentere omfanget av denne spesielle kriminaliteten.

Og for ei historie han har fått fram, fenomenet «Sølvtyverier på Kongsberg 1623-1861» er så mangefassettert og så spennande at ein blir rivi med. Forfattaren har lagt inn små og store fortelljngar om enkelt-personar og familiar og han evnar å gjera det til spennande lesing. Eksempelvis den om Ole Nirisen Garder frå Svene. Her er det mange involverte, til og med meistertjuven Ole Høiland blir trekt inn i historiene.

Og denne boka trengte vi sanneleg, det er på tide å få fakta på bordet i saker som

dette. Bjørn Ivar Berg som har evner og vilje til å gå djupt i alle emne, har her levert eit bokverk som vil gjie innsyn i eit fenomen med lang historie.

Med slik grunnforskning så får Berg fram fleire sider ved dette. For det fyrste Sølvverkets posisjon i samtida, i distriktet og i nasjonen. For det andre ei rein historie om vinningsforbrytelsar i eit sosial-historisk perspektiv. Berg seier sjøl i forordet at temaet sølvtyverier viser ei skyggeside ved starten av industrialiseringa i landet og dermed i den langsiktige moderniseringa av landet.

**SØLV FOR** store verdiar vart vunne ut av gruvene på Kongsberg og ein del av det kom altså bort gjennom tjuveri. Tjuvsølvet havna mange stader som på Hedemarken, i Vestfold, i Telemark og det blei frakta over Hardangervidda til Bergen. Noko havna i København og noko til og med i England og Holland.

Berg kan vise til eit utall variantar av verksemnda. Ein sølvtyv, Engebret Nilsen Kåtorpeie / Lerhuseie vart døpt i Vang på Hedemarken i 1721. Han sat i fengsel på Kongsberg i fem år før han flutte til Alta der han vart kirkesanger og lærar! Berg har så over fleire sider skrivi om familien til Engebret, han har drøfta livsvilkår og lagnad. På den måten blir dette meir enn ei historie om sølvet og det kriminelle. Det gir oss innblikk i folks liv på 1700-talet.

**I BOKA** finn ein og sterke lokale historier, som den om Halvor Torsteinsen Opdal, den unge uvdølingen som vart dømt til kakstryking (pisking) og brennemerkning for sølvtyveri i 1777. Han stal so

mykje at han ville vorte dømt til døden seks år tidlegare. Dødsstraff for tjuveri vart oppheva i 1771. Men 16-åringen Halvor fekk livstidsstraff på Akershus.

Ein 26 år gamal gut frå Veggli vart arrestert i Bergen. Han hadde ni kilo sølv på seg. Det var Gulbrand Gulbrandsen Kjerre (1810-1867)l. Historia er lang og dramatisk. Den endar med at Gulbrand reiser til Amerika før dommen fall. Dermed så set Bjørn Ivar Berg og hans grundige arbeid nytt lys på den tidlege utvandringshistoria frå Numedal. Våre emigranthertar hadde gjerne andre grunnar til å reise frå landet enn nokon har våga snakke om!

I forhold til folketalet hadde Flesberg flest sølvtyvar av alle og Berg følgjer fire av dei. To heitte Ole og to heitte Knut. Og gjennom biografiane til desse fire møter vi og andre flesbergingar som på ulike måtar hadde kontakt med dei. Det er gjerne frå desse historiene uttrykket «tjuvflesberging» stammar.

Boka si styrke er ved sida den grundige kjeldegranskninga, det perspektiv Berg set desse sølvtyveria i. Kven stal og kvifor? Her vil ein kunne bli overraska. Kjeldegranskninga gjer at Berg trygt kan setja

spørsmålsteikn ved inngrodde teoriar, som til dømes dei folkeminnegranskaren Rikard Berge i Telemark har sett fram.

Bak i boka er tatt med tabellar over ulike sider ved dette med tjuvesølv. Som for eksempel sølvmengder i enkeltsaker frå 1696-1813. Bygdesølvsmedar og tallstøyparar har fått egne tabellar med namn, årstal, og den dom dei har fått. Alle er sortert etter heimbygdene sine. Dette i tillegg til eit solid kjelderegister. Boka bør bli lesnad for alle som er interessert i historie og ikkje minst for komiteen som førebur byjubileet i 2024.

